

## PROTOKOLL FRA RÅDSMØTET I STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stad: Nordfjord Folkemuseum/digitalt  
Dato: Fredag 27.november 2020  
Tid: 10.00 – 11:30  
Deltakarar: Sjå vedlagte liste over frammøtte rådsmedlemmar

Rådsmøte starta med opprop og framlegging av fullmakter.  
Stian Jean Opedal Davies ønskte deretter møtedeltakarane velkomne.

### SAK 1/2020 Godkjenning av innkalling

**Vedtak:**

Innkalling vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.  
*Samrøystes*

### SAK 2/2020 Godkjenning av saklista

**Vedtak:**

Saklista vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.  
*Samrøystes*

### SAK 3/2020 Konstituering:

**Val av rådsleiar:**

Stian Jean Opedal Davies vart valt som rådsleiar fram til neste ordinære rådsmøte.

**Val av møteleiar:**

Stian Jean Opedal Davies vart vald som møteleiar.

**Val av sekretær:**

Kjartan Aa Berge vart vald som sekretær.

**Val av to personar til å skrive under møteboka:**

Leidulf Gloppestad og Alfred Bjørlo vart vald til å underskrive protokollen.

### SAK 4/2020 Godkjenning av årsmelding 2019

**Vedtak:**

Framlagt årsmelding for 2019 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet  
*Samrøystes*

## SAK 5/2020 Godkjenning av rekneskap 2019

### **Vedtak:**

Framlagt rekneskap for 2019 og revisjonsmelding vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

*Samrøystes*

## SAK 6/2020 Budsjett 2020

### **Vedtak:**

Framlagt budsjett for 2020 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

*Samrøystes*

## SAK 7/2020 Godtgjering til styret

I flg. § 7 i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane kan rådet fastsette godtgjering til styret i stiftinga.

Valkomitéen har lagt fram følgjande slik tilråding:

### **1) Modell**

#### **Styreleiar**

Fast årleg godtgjering omfattar førebuing til, gjennomføring og oppfølging av styremøter, deltaking i andre møter, konferansar m.m. på vegne av eller som gjeld Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Summen har tidlegare år vore fastsett til 60 % av godtgjering til leiar i hovudval i fylkeskommune. I 2019 var dette eit beløp på 119.340 kr.

I tillegg kom fast sum til dekking av utgifter til telefoni/breiband.

Musea i Sogn og Fjordane har frå og med 2020 blitt eit av ti konsoliderte museer i Vestland fylke. I samband med etableringa av det nye fylket er satsane til hovudutvalsleiarane blitt vesentleg endra. Valkomiteen ser at ei vidareføring av modellen for honorar til styreleiar berekna med 60% av godtgjering av hovudutvalsleiarar i Vestland fylke vil gje ein effekt som kan oppfattast som urimeleg.

Valkomiteen vil gjere framlegg om at det i 2020 blir vidareført eit honorar til styreleiar på same nivå som i 2019, justert for konsumprisindeksen (KPI) siste 12 månader.

Valkomiteen tilrår at ein ny honorarmodell som harmonerer med nivåa til dei øvrige musea i Vestland blir etablert i samband med rådsmøtet 2021.

#### **Styremedlemmer:**

Møtegodtgjering pr. møte. Tapt arbeidsforteneste. Vederlag for utgifter.

#### **Styreleiar/styremedlemmer:**

Statens satsar vert lagt til grunn for godtgjering av reiser og diett.

# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

## 2) Satsar pr. 01.01.2020:

Fast godtgjering til styreleiar (60% av leiar hovudutval S&F 2019 + justering etter KPI; 1,7%)	kr.	121.369,-
Dekking av telefon og breiband (styreleiar; same nivå som i 2019)	kr.	5.490,-
Godtgjering pr. møte til styremedlemmer	kr.	1.470,-
Tapt arbeidsforteneste: Legitimert tap inntil:	kr.	4.198,-
Ulegitimert tap inntil:	kr.	1.574,-
Vederlag for påførte legitimerede utgifter inntil:	kr.	1.574,-
Vederlag for påførte ulegitimerte utgifter inntil	kr.	735,-

## 3) Regulering kvart år pr. 1. januar

Regulering av godtgjering og vederlag i tråd med årslønsveksten i det fylkeskommunale tariffområdet, og vert betalt etterskotsvis med verknad pr. 1. januar inneverande år.

### Vedtak:

Framlagt forslag frå valkomitéen om godtgjering til stiftingsstyret vert vedtatt.  
*Samrøystes*

## SAK 8/2020 Val etter vedtektene

### Val av medlemmer til stiftingsstyret:

I flg. § 7 i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal rådet velje tre styremedlemmer med personlege varamedlemmer til styret i stiftinga.

Styrerepresentantar vald av rådsmøtet:

Styremedlem:	Olve Grotle	2017 – 2021	Ikkje på val
Varamedlem:	Hege Lothe	2017 – 2021	Ikkje på val
Styremedlem:	Arild Bergstrøm	2017 – 2021	Ikkje på val
Varamedlem:	Eli-Grethe Høyvik	2017 – 2021	Ikkje på val
Styremedlem:	Hanne B. Oftedal	2019 – 2023	Ikkje på val
Varamedlem:	Anders Ryssdal	2019 – 2023	Ikkje på val

Valkomitéeen tilrår at ein i samband med val 2021 vel eit styremedlem og varamedlem for to år slik at det ikkje vert full utskifting av styret på same tid.

### Vedtak:

Rådet tek tilrådinga til valkomitéen til vitande.

# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

---

## Val av valkomité:

### Vedtak:

Marta Sofie Vange vert vald som ny medlem i valnemnda med funksjonstid på tre år. Såleis er valkomitéen sett saman slik:

Grete Berntzen: valt til 30.april 2021

Bjørn-Harald Haugsvær: valt til 30.april 2022

Marta Sofie Vange: valt til 30.april 2023

*Samrøystes*

Sandane, 27.november 2020

Leidulf Gloppestad

Alfred Bjørlo

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page  
Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua  
Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign  
representative  
custodial

asemavaltuus  
nimenkirjoitusoikeus  
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt  
firmateckningsrätt  
förvaltare

autoritet til å signere  
representant  
foresatte/verge

myndighed til at underskrive  
repræsentant  
frihedsberøvende